

Sak til samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemene i samarbeidsutvalet
Utval:	Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato:	15.mai 2020
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Status for handlingsplanen 2020
Saksnummer:	19/20

Felles handlingsplan 2020 for samarbeidsutvala i Helse Bergen sitt opptaksområde vart vedteke i februar 2020. Arbeidet med handlingsplanen er i gang. Vedlagt saka er det laga ein status for dei ulike tiltaka i handlingsplanen.

Pandemisituasjonen (covid-19), som starta i mars 2020, har ført til forseinkingar med fleire av tiltaka. Framover blir det derfor viktig å komme i gang igjen med arbeidet som no har stått på vent.

Samarbeidssekretariatet (SSE) si tilråding

SSE tilrår at arbeidet med revisjon av Tenesteavtale 11 og 12, samt «Særavtale om utdanningsløp» vert gjeve særleg prioritet framover.

Samarbeidsutvala har vedteke eit mandat for arbeidet med revisjon av tenesteavtale 11 og 12 og oppnemnd representantar til arbeidet. SSE tilrår at leiar av arbeidsgruppa kallar inn til oppstartsmøte før sumaren. Arbeidsgruppa må sjølv revidere tidsplanen for arbeidet, og sikre at samarbeidsutvala får ei statusoppdatering på neste utvalsmøte.

Det har vore innleiande samtalar mellom Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og Bergen kommune om oppfølging av tiltak 1.5 *Særavtale om utdanningsløp*. SSE vil ta initiativ til at det med utgangspunkt i denne dialogen vert utarbeidd ein status for arbeidet. SSE vil og be partane gje innspel til eit mandat for det vidare arbeidet som kan handsamast av samarbeidsutvala og sikre god forankring og involvering hos aktuelle partar.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek status for tiltaka i felles handlingsplan 2020 til orientering, og støttar SSE si tilråding om prioritering av tiltak.

SU NH tilrår at tiltak – pasientens legemiddelliste også blir prioritert